



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 26.11.2014

Sak nr.: 14/3506-23

Internt l.nr.: 38054/14

Sak: 132/14

Tittel: Restriksjonar mot bruk av tobakk for tilsette og folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Behandling:

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot røyking på fylkeskommunal grunn og i fylkeskommunale tenestebilar. Fylkesveggar vert ikkje omfatta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører røykfri arbeidstid for alle tilsette i arbeidstida. Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære.
3. Dei folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere røykfrie i samband med utføringa av vervet som folkevald. Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære medan dei utfører vervet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører snusfri arbeidstid for tilsette som har kontakt med born og unge, pasientar eller publikum. Dette gjeld ikkje når dei tilsette ikkje har slik kontakt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot tobakkssurrogat og tobakksimitasjonar som ikkje er godkjende av helsestyresmaktene. Dette gjeld i skuletida for elevar og studentar og i arbeidstida for tilsette som har kontakt med born og unge. Forbodet gjeld ikkje for dei tilsette når dei ikkje har slik kontakt.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr tobakkavvenjingskurs til tilsette og folkevalde.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gi hovudsamarbeidsutvalet og dei lokale arbeidsmiljøutvala i oppdrag å følgje opp korleis regelverket vert handheva.
8. Vedtaket i denne saka har verknad frå 1. april 2015, med unntak av pkt 6, som har verknad frå 1. januar 2015.

Endringsframlegg:

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:
Punkta 4,5 og 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen går ut.

Høgre og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endringar i tilrådinga frå fylkesrådmannen:
Ny andre setning i punkt 2:

Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører arbeidet.

Ny andre setning i punkt 3:

Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører vervet.

Avrøysting:

Punkta 1, 7 og 8 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Punkta 2 og 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som følgjer av framlegga frå Høgre og Senterpartiet vart samrøystes vedtekne.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for punkta 4 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkta 4 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Trude Brosvik røysta for punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot røyking på fylkeskommunal grunn og i fylkeskommunale tenestebilar. Fylkesveggar vert ikkje omfatta.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører røykfri arbeidstid for alle tilsette i arbeidstida. Dette gjeld ikkje når dei tilsette oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører arbeidet.
3. Dei folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere røykfrie i samband med utføringa av vervet som folkevald. Dette gjeld ikkje når dei folkevalde oppheld seg i ein privat sfære eller tilvist plass utanfor fylkeskommunal grunn, medan dei utfører vervet.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører snusfri arbeidstid for tilsette som har kontakt med born og unge, pasientar eller publikum. Dette gjeld ikkje når dei tilsette ikkje har slik kontakt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører forbod mot tobakkssurrogat og tobakksimitasjonar som ikkje er godkjende av helsestyresmaktene. Dette gjeld i skuletida for elevar og studentar og i arbeidstida for tilsette som har kontakt med born og unge. Forbodet gjeld ikkje for dei tilsette når dei ikkje har slik kontakt.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr tobakkavvenjingskurs til tilsette og folkevalde.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gi hovudsamarbeidsutvalet og dei lokale arbeidsmiljøutvala i oppdrag å følgje opp korleis regelverket vert handheva.
8. Vedtaket i denne saka har verknad frå 1. april 2015, med unntak av pkt 6, som har verknad frå 1. januar 2015.